

Kjevikdalen fyllplass, utviding

Detaljregulering:
gnr./bnr. 176/25, 177/36 m.fl. Lindås kommune

Ard
arealplan



Bergen 2015



Ard
arealplan

Ard arealplan as
Nygårdsgaten 114
5008 Bergen

Side | 1

FORSLAGSTILLER SI
PLANSKILDING

Kjevikdalen fyllplass, utviding.

GNR./BNR. 176/25, 177/36 M.FL.

LINDÅS KOMMUNE

Plannr.: 1263-201306

Saksnr.:

Sist oppdatert: 12.02.2015

INNHALD

1	Samandrag.....	4
2	Nøkkelopplysningar	4
3	Bakgrunn for planarbeidet	4
3.1	Bakgrunn	4
3.2	Intensjonen med planforslaget.....	4
4	Planprosessen	6
4.1	Varsling	6
4.2	Merknader i samband med varsling.....	6
5	Gjeldande planstatus	7
5.1	Fylkes(del)plan	7
5.2	Kommuneplan/kommunedelplan	7
5.3	Reguleringsplanar	8
5.4	Eventuelle temaplanar	9
5.5	Rikspolitiske retningslinjer	9
6	Skildring av planområdet.....	9
6.1	Lokalisering	9
6.2	Avgrensing.....	10
6.3	Tilstøytande areal sitt bruk/status.....	11
6.4	Eksisterande busetnad.....	11
6.5	Topografi/ landskapstrekk.....	12
6.6	Soltilhøve.....	12
6.7	Vegetasjon, dyreliv og andre naturtilhøve	13
6.8	Grøne interesser	13
6.9	Kulturminne.....	14
6.10	Veg og trafikktilhøve	15
6.11	Støy	15
6.12	Offentleg kommunikasjon/ kollektivdekning	16
6.13	Vatn og avlaup	16
6.14	Energi.....	16
6.15	Privat og offentleg servicetilbod	16
6.16	Risiko	16
6.17	Privatrettslege bindingar	16
7	Utgreiing i hht. føreskrift om konsekvensutgreiingar.....	17
8	Skildring av planforslaget	17
8.1	Innleiing	17
8.2	Reguleringsføre mål	18
8.3	Bygg og anlegg.....	18
8.4	Parkering	18
8.5	Trafikkareal.....	18
8.6	Støytiltak.....	18
8.7	Risiko.....	18
9	Konsekvensar av planforslaget	19
9.1	Overordna planar og vedtak	19
9.2	Eksisterande reguleringsplanar	19

9.3	Estetikk.....	19	
9.4	universell utforming.....	19	
9.5	Konsekvensar for naboer.....	19	
9.6	Trafikk- og parkeringstilhøve.....	19	
9.7	Kulturminne.....	19	
9.8	Friluftaktivitet, naturområde, born og unge sine interesser i nærmiljøet.....	19	Side 3
9.9	Vurdering av tiltak i høve til naturmangfaldslova.....	19	
9.10	Privat og offentleg servicetilbod.....	19	
9.11	Konsekvensar for næringsinteresser.....	20	
9.12	Juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen.....	20	
9.13	Infrastruktur.....	20	
9.14	Ros-analyse.....	21	
10	Merknadar.....	24	
10.1	Samla merknadar.....	24	
11	Forslagsstillar sin avsluttande kommentar.....	25	

FIGURLISTE:

Figur 1:	Varslingsannonse.....	6
Figur 2:	Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel. Planområdet er markert med svart stippet linje.....	7
Figur 3:	Kart som viser reguleringsplan for området.....	8
Figur 4:	Kart som viser tilgrensande og underliggande reguleringsplanar.....	8
Figur 5:	Oversiktskart. Planområdet er markert omtrentleg og viser kvar området er plassert i kommunen....	9
Figur 6:	Kart som viser plasseringa av planområdet i forhold til omgivnadene.....	10
Figur 7:	Planområdet sin avgrensning.....	10
Figur 8:	Bilete som viser planområdet sin plassering i terrenget.....	12
Figur 9:	Bilete av området, mot sør.....	12
Figur 10:	Kart over ulike registreingar i området. Planområdet er markert med svart stipla linje.....	13
Figur 11:	Kart som viser støy i området. Svart stipla linja viser planområdet.....	15
Figur 12:	Reguleringsplanforslag.....	17

1 SAMANDRAG

Planområdet ligg i Kjevikdalen i Lindås kommune og omfattar NGIR sitt avfallsanlegg. Det vert no utarbeidd eit nytt planforslag grunna ynskje om utviding av området i forhold til gjeldane plan for å få lagt inn naudsynt areal for reinseanlegg, gjere om på strukturar innanfor planområdet og få meir fyllplass.

Side | 4

2 NØKKELOPPLYSNINGAR

Område	Kjevikdalen
Gardsnamn (adresse i sentrum)	Lindåsvegen 1260
Gardsnr./bruksnr.	Gnr. 177/36 m. fl. og gnr. 176/25 m. fl.
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)pl.)	Regulert til spesialområde - fyllplass i planid:1263199701
Forslagstillar	NGIR
Grunneigar (sentrale)	NGIR
Plankonsulent	Ard Arealplan AS
Ny plans hovudføre mål	Utviding av eksisterande areal
Planområdets størrelse i daa	194,569 daa
Tal på nye bustader/nytt næringsareal (BRA)	
Aktuelle problemstillingar (støy, byggehøgde o.l.)	
Førelegg det varsel om motsegn (j/n)	n
Konsekvensutgreiingspliktig (j/n)	n
Kunngjering oppstart, dato	18.09.13
Fullstendig planforslag mottatt, dato	
Informasjonsmøte haldt (j/n)	

3 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

3.1 BAKGRUNN

Tiltakshavar ynskjer å utarbeide ei ny regulering for planområdet for å kunne tilrettelegge det betre for behova innanfor området.

3.2 INTENSJONEN MED PLANFORSLAGET

Intensjonen med planarbeidet er å utvide området i forhold til gjeldane plan for å få lagt inn naudsynt areal for reinseanlegg, gjere om på strukturar innanfor planområdet og få meir fyllplass. Det vil ikkje vere snakk om å tilføre nye aktivitetar til området utanom reinseanlegget som planleggjast heilt nord. Den einaste utvidinga av eksisterande bygg som ein har planar om er ei eventuell utviding av administrasjonsbygget. Andre tiltak ein har planar om vil vere å flytte funksjonar frå deponiområdet i nord til området lenger sør som er avsett til næring. Reinseanlegg er under prosjektering parallelt med reguleringsplanarbeidet. Sigevatn frå avfallsfyllingar er eit komplekst vatn å reinse og ureiningsmyndigheitene har lagt vekt på at det spesielt skal reinsast for tungt løselige miljøgifter som hopar seg opp i næringskjeda. NGIR vil også freiste å reinse for nærings salt. Reinseanlegget vert prosjektert etter relativt kjende prinsipp der tilførsel av luft, denitrifikasjon, oksidering med påfølgjande partikkelbinding og sedimentering vert tatt i bruk.

Reguleringsplanforslaget omfattar eit areal på 194,569 daa. Eksisterande reguleringsplan har eit areal på ca. 159,780 daa. Planforslaget vert såleis utvida med 34,789 daa i forhold til eksisterande plan.



Figur 1: Forhold mellom eksisterande og ny reguleringsplan. Ny reguleringsplan er markert med svart stipla line.

4 PLANPROSESSEN


4.1 VARSLING

Oppstart av reguleringsplanarbeidet vart varsla i avisa Nordhordland den 18. september 2013. Grunneigarar, naboar og aktuelle private og offentlege instansar blei varsla i brev av 16. september 2013.

Side | 6

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-8 varslast oppstart av detaljregulering for Kjevikdalen fyllplass, utviding, gnr. 177, bnr. 36 m. fl. og gnr. 176, bnr. 25 m. fl. i Lindås kommune.



NGIR er tiltakshavar.

Ard arealplan as er konsulent for reguleringsplanarbeidet.

Planområdet ligg i Kjevikdalen i Lindås kommune med grenser til naturområde og FV57/Lindåsvegen. Området er i dag regulert til spesialområde – fyllplass og rommar NGIR sitt avfallsanlegg. Planområdet er på 202,3 daa.

Føremålet med reguleringsplanen er å foreta justeringar av arealformål i gamal plan, få ei arealutviding av området, samt å etablere areal for reinsetiltak for utsleppsløyvet.

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den komande planprosessen. Innspel eller merknader som angår planens løysingar eller som gjeld særskilde behov kan sendast skriftleg eller elektronisk til: Ard arealplan as, Domkirkegaten 3, 5017 Bergen. E-post: post@ardarealplan.no

Frist for merknader er sett til **1.november 2013**.

Figur 2: Varslingsannonse.

4.2 MERKNADER I SAMBAND MED VARSLING

I samband med varsling av oppstart av reguleringsplanarbeid kom det inn 6 merknader. Desse er oppsummert og kommentert under punkt 10.

5 GJELDANDE PLANSTATUS

5.1 FYLKES(DEL)PLAN


Aktuelle fylkes(del)planar for området:

- Fylkesplan for Hordaland, 2005-2008
- Klimaplan for Hordaland, 2010-2020
- Fylkesdelplan kulturminne, 1999-2010
- Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, 2008-2012
- Regional transportplan Hordaland, 2013-2024
- Fylkesdelplan for senterkultur og lokalisering av service og handel, 2002
- Fylkesdelplan: Deltaking for alle - universell utforming, 2006-2009

Side | 7

5.2 KOMMUNEPLAN/KOMMUNDEDELPLAN


Planområdet er i gjeldane kommuneplan sin arealdel 2011-2023 avsett til andre typar bygningar og anlegg der reguleringsplan framleis skal gjelde, samt at noko av området også er sett til LNFR.



Figur 3: Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel. Planområdet er markert med svart stipla line.


5.3 REGULERINGSPLANAR

Området er regulert gjennom reguleringsplan Kjevikkalden, fyllplass frå 1997 (planid: 1263199701). Reguleringa som omfattar området er spesialområde - fyllplass.



Side | 8

Figur 4: Kart som syner gjeldande reguleringsplan for området.



Figur 5: Kart som syner tilgrensande og underliggende reguleringsplanar (nordhordaland.avinet.no).

5.4 EVENTUELLE TEMAPLANAR

- Energiutgreiing Lindås kommune, 2009
- Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Lindås, 2004
- Kommunedelplan for trafikkisikring, 2010-2022

5.5 RIKSPOLITISKE RETNINGSLINER


Aktuelle rikspolitiske retningslinjer for området:

- Samordna areal- og transportplanlegging
- Styrking av barn og unges interesser i planlegging
- Andre (t.d. støy i arealplanlegging/utbygging i fareområder)


6 SKILDRING AV PLANOMRÅDET

6.1 LOKALISERING

Planområdet ligg i Kjevikdalen langs FV 57 i Lindås kommune, ca. 14 km nord for Knarvik og grenser til friluftsområder. Planområdet omfattar hovudsakleg eksisterande avfallsanlegg til NGIR.




Figur 6: Oversiktskart. Planområdet er markert omtrentleg og viser kvar området er plassert i kommunen. (www.miljostatus.no/kart)



Figur 7: Kart som viser plasseringa av planområdet i forhold til omgivnadene. Planområdet er markert med stipla linje (www.miljostatus.no/kart).

6.2 AVGRENSING

Avgrensinga er sett ut i frå avgrensinga til eksisterande reguleringsplan, men det er teke med noko meir areal rundt grunna den ønska utvidinga av avfallsanlegget. Området grensar i FV 57 i sørvest, til naturområde i vest og aust, og til sjø, Kråkeosen, i nord. Planområdet er på ca. 194,569 daa.



Figur 8: Planområdet si avgrensing.

Kjevikkjøle fyllplass, utviding
Lindås Kommune
Planid:1263201306

6.3 TILSTØYTANDE AREAL SITT BRUK/STATUS

Dei tilstøytane areala til planområdet er hovudsakleg ubygde skogsområde. I kommuneplanen sin arealdel er desse områda avsett til LNFR- og framtidig næringsområde.



Side | 11

Figur 9: Kart som syner tilstøytande areal til planområdet. Kjelde: norgebilder.no og utsnitt fra KPA.

6.4 EKSISTERANDE BYGG

Eksisterande bygg på området er hovudsakleg administrasjons-, nærings-/industribygg tilhøyrande NGIR sitt avfallsanlegg.



Figur 10: Eksisterande bygg innanfor planområdet.

Kjevikdalen fyllplass, utviding
Lindås Kommune
Planid:1263201306

6.5 TOPOGRAFI/LANDSKAPSTREKK

Landskapet som planområdet ligg i er eit kupert naturområdet og sjølve planområdet/avfallsanlegget ligg i eit dalføre med retning nordvest/søraust med tilgrensande høgdedrag som gjer sjølve fyllplassen lite synleg frå FV57 og andre tilgrensande område.

Nord i planområdet i Kjevika vil det verte bygd eit reinseanlegg. Dette vil vere synleg frå sjøsida. Sedimenteringsbasseng vert prosjektert bygd på steinfylling inst i vika, men vil verte delvis forblenda/skjult med stein på nordsida. Det er naudsynt med relativt høge skjeringar på begge sider av vika, men desse vil vere lite synlege frå sjøsida utan at ein tek seg heilt inntil med båt. Nordre del av deponiet vil også verte stabilisert plastra med stein og tilsådd i samband med bygging av reinseanlegg.

Side | 12



Figur 11: Bilete som viser planområdet sin plassering i terrenget.




Figur 12: Bilete av området, mot vest.

6.6 SOLTILHØVE

Ikkje aktuelt.

6.7 VEGETASJON, DYRELIV OG ANDRE NATURILHØVE

Vegetasjonen i området er hovudsakleg barskog. Det er registrert 2 raudlisteartar i området, jaktfalk og stær, samt at hønehauk er registrert like utanfor området i aust. Det er registrert at grunnen på området er forureina. I nord omfattar planområdet noko sjøareal. Det er her gjort registreringar av mellom anna tungmetallar, grunna avsig frå avfallsanlegget.



Side | 13


Figur 13: Kart over ulike registreringar i området. Planområdet er markert med svart stipla linje (www.miljostatus.no/kart).

6.8 GRØNE INTERESSER

Det er ikkje registrert at barn og unge bruker området til leik og liknandes.

6.9 KULTURMINNE

Det er ikkje registrert kulturminneverdiar i området i databasar på nettet. Det er ved synfaring av tiltakshavar registrert steinar/mur inst i fjordarmen som planområdet omfattar i nord. Bergens sjøfartsmuseum kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av reguleringa og vurderar at det er lite sannsynleg med maritime kulturminne i området. Grunna dette vil det ikkje bli stilt krav om vidare undersøkingar.



Side | 14



Figur 14: Bilete av steinmur i Kjevika nord i planområdet.


6.10 VEG OG TRAFIKKTILHØVE

Tilkomsten til planområdet er via FV57 som går langs austsida av området. FV57 har to felt, ei fartsgrense på 80 km/t og ÅDT på 4000. Fartsgrense på vegane i planområdet er på 30 km/t.

6.11 STØY

Ein del av planområdet er støyutsett og ligg i både raud og gul sone. Det ligg eit eksisterande administrasjons-/kontorbygg innanfor området i gul støysone. Dette er oppført ut i frå krava om å ha tilfredsstillande støynivå innandørs. Det vil ikkje bli oppført nye støyfølsame bygg innanfor gul og raud støysone. Området elles er berre tenkt til industriføremål, der det ikkje er krav om grenseverdiar for utandørsstøy.


Side | 15



Figur 15: Kart som viser støy i området. Svart stipla linja viser planområdet.

6.12 OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/ KOLLEKTIVDEKNING

Det er kollektivdekning i området med ein busshaldeplass like ved planområdet langs FV57. Her går linje 300 med forbinding til Knarvik og så vidare til Bergen sentrum med fleire avgonger dagleg.



Figur 16: Kart som syner busshaldeplass i tilknytning til planområdet. Kjelde: kart.finn.no

6.13 VATN OG AVLAUP

Ikkje aktuelt.

6.14 ENERGI

Ikkje aktuelt.

6.15 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Næraste område for private og offentlege servicetilbod er Hundvin som ligg rett over 4 km nord for planområdet. Her finn ein mellom anna skule, barnehage og matbutikk. Knarvik som er kommunesenter i Lindås ligg ca. 14 km sør for planområdet med eit rikt utval av ulike handels og servicetilbod.

6.16 RISIKO

Risikomoment innanfor området er forureina avrenning frå avfallsdeponiet. Dette er hovudårsak til ynskje om justering av reguleringsplan.

6.17 PRIVATRETTSLEGE BINDINGAR

Ingen kjende.

7 UTGREIING I HHT. FØRESKRIFT OM KONSEKVENSUTGREIINGAR

Reguleringsplanar med vesentlege verknadar for miljø og samfunn er omfatta av føreskrifta om konsekvensutgreiing.


I gjeldane reguleringsplan for området, Kjevikkalden, fyllplass frå 1997 (planid: 1263199701) er området avsett til spesialområde - fyllplass. Endringa som blir gjort i planforslaget i forhold til gjeldane plan er av så lite omfang at det ikkje vil gje vesentleg konsekvens for miljø og samfunn, jf. forskrift om konsekvensutgreiing, og krev såleis ikkje konsekvensutgreiing.

Side | 17

8 SKILDRING AV PLANFORSLAGET

8.1 INNLEIING

Innanfor planområdet ligg det eksisterande avfallsanlegg. Ein treng no å gjere endringar i forhold til eksisterande plan for å få lagt inn naudsynt areal for reinseanlegg, gjere om på struktur innanfor planområdet og få meir fyllplass.



Figur 17: Reguleringsplanforslag.

Kjevikkalden fyllplass, utviding
Lindås Kommune
Planid:1263201306

8.2 REGULERINGSFØREMÅL

Føremål		Totalt areal
Bygg og anlegg		
Administrasjon	BAD	2,842 daa
Næring	BN1-BN4	43,599 daa
Renovasjonsanlegg	BRE	13,425 daa
Annen bebyggelse og anlegg (massedeponi)	BAS	105,251 daa
Samferdsel og teknisk infrastruktur		
Veg	f_SV1-f_SV2,SV3	2,877 daa
Annen veggrunn - grøntareal	f_SVG1-f_SVG2	0,075 daa
Parkeringsplassar	SPP	0,999 daa
Grønnstruktur		
Vegetasjonsskjerm	GV1-GV3	13,648 daa
Landbruk-, natur- og friluftsområder		
Naturformål av LNFR	LNA1-LNA2	11,275 daa
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone		
Naturformål av LNFR	o_VNS	0,579 daa
Omsynssone		
Frisikt		
Raud støysone		
Gul støysone		
Faresone høgspantlegg		
Totalt		194,569=daa

Side | 18

8.3 BYGG OG ANLEGG

Innanfor områda administrasjon og næring ligg eksisterande bygg tilhøyrande avfallsanlegget. Her finn ein eksisterande administrasjonsbygg for NGIR, sorteringshall, samt omlastingsstasjon.

8.4 PARKERING

Innanfor SPP er det lagt til rette for opparbeiding av 43 parkeringsplassar. SPP inneheld eksisterande parkeringsplass men vert i planforslaget utvida mot sørvest grunna eit auka behov for parkeringsplassar.

8.5 TRAFIKKAREAL

f_SV1 har avkøyrse frå FV57 og er tilkomst til området med ein breidde på 11 meter. f_SV2 er felles skogsbilveg for blant anna naust sør og vest for planområdet med ein breidde på 4 meter. SV3 er tilkomstveg nordover i planområdet med ein breidde på 7 meter.

8.6 STØYTILTAK

Planforslaget ligg innanfor gul og raud støysone, men sidan planforslaget omfattar eit industriområde/avfallsanlegg er det ikkje naudsynt med støyreducerande tiltak. Det er heller ikkje planlagd nye støyfølsame bygg innanfor området.

8.7 RISIKO

Ingen kjend risiko.

9 KONSEKVEN SAR AV PLANFORSLAGET

9.1 OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK

I gjeldene kommuneplan er området avsett til andre typar bygningar og anlegg der reguleringsplan framleis skal gjelde, samt at noko av området og er avsett til LNFR. Planforslaget vil føre til at ein vil måtte ta noko av området avsett til LNFR grunna utvidinga ein ynskjer av avfallsanlegget. Dette vil likevel ikkje ha nokon særskilde konsekvensar då det ikkje er registrert truga eller viktige dyr, naturtypar og vegetasjon innanfor det aktuelle området. Ynskt regulert tilleggsareal ligg som striper på begge sider av dalføret og grenser for regulert område ligg framleis på "innsida" av dalen.

Side | 19

9.2 EKSISTERANDE REGULERINGSPLANAR

I eksisterande reguleringsplan for området, Kjevikdalen fyllplass frå 1997 (planid: 1263199701), er området regulert til spesialområde - fyllplass. Planforslaget vil ikkje verte vesentleg forandra frå dette, men hovudsakleg utvida i forhold til gjeldande plan.

9.3 ESTETIKK

Langs det meste av planområdet er det avsett areal til ein vegetasjonsskjerm. Dette for å få ein grøn buffer ut mot det tilgrensande naturområdet. Grensene til avfallsanlegget går framleis på dalsida av høgdedraga som er med på å skjerme avfallsanlegget. Terreng der det har blitt gjort inngrep skal på sikt førast tilbake til sin opphavsstand.

9.4 UNIVERSELL UTFORMING

Universell utforming er teke omsyn til ved vegen inn i planområdet, f_SV1 og SV3 er universelt utforma.

9.5 KONSEKVEN SAR FOR NABOER

Avstand til næraste fastbuande er over 1 km målt i luftline. Det er ikkje innsyn til NGIR si verksemd frå verken fastbuande eller hytteeigarar. Planen er justert med omsyn til å letta trong for tilkomst til planlagt småbåthamn på Kjeviktangen. Eventuell luktproblematikk er eliminert. Planforslaget vil såleis ikkje ha konsekvensar for naboar.

9.6 TRAFIKK- OG PARKERINGSTILHØVE

Eksisterande parkingsplasser er utvida slik at ein har tilfredsstillande parkeringsdekning for dei tilsette, samt besøkande.

9.7 KULTURMINNE

Det er ikkje registrert kulturminneverdiar i området i databasar på nettet. Det er ved synfaring av tiltakshavar registrert steinar/mur inst i fjordarmen som planområdet omfattar i nord. Bergens sjøfartsmuseum kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av reguleringa og vurderar at det er lite sannsynleg med maritime kulturminne i området. Grunna dette vil det ikkje bli stilt krav om vidare undersøkingar.

9.8 FRILUFTSAKTIVITET, NATUROMRÅDE, BORN OG UNGE SINE INTERESSER I NÆRMILJØET

Planforslaget vil ikkje påverke areal som er satt av til born og unge eller areal for friluftaktivitetar.

9.9 VURDERING AV TILTAK I HØVE TIL NATURMANGFALDSLOVA

Det er eit nasjonalt mål at tap av biomangfald skal stoppast, og arealbruken skal støtte opp om dette målet (St.meld 26 (2006 - 2007)). Tiltaket er vurdert ut frå krava i kapittel II i Naturmangfaldslova, med særleg omsyn til prinsippa i følgjande heimlar:

§ 8 : Kunnskapsgrunnlaget.

§ 9 : Føre-var-prinsippet.

§ 10: Økosystemtilnærming og samla belastning.

§ 11: Tiltakshavar betaler.

§12: Miljøforsvarlege teknikkar.

I planarbeidet har ein nytta viktige informasjonskjelder som naturbase, artskarta til artsdatabanken.no, nasjonal raudliste og lokale observasjonar av naturmangfald. Det er ikkje avdekka konflikhtar mellom arealbruksendringane og utvalde naturtypar og prioriterte artar i forslag til forskrift. Endringane er òg vurdert i forhold til naturmangfaldet generelt og registrert kjent lokal kunnskap.

9.10 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Ingen kjente konsekvensar.

9.11 KONSEKVENSAER FOR NÆRINGSINTERESSER

Ingen kjente konsekvensar.

9.12 JURIDISKE/ØKONOMISKE KONSEKVENSAER FOR KOMMUNEN

Ingen kjente konsekvensar.

9.13 INFRASTRUKTUR

Ingen kjente konsekvensar.

9.14 ROS-ANALYSE

Lindås kommune vedtok metode og akseptkriterier for ROS-analyse i 2011. Dette er 5 delt og ligg til grunn her.

Risikomatriser og akseptkriteria for ROS-analysar som gjeld arealbruk

Vedteke av kommunestyret 14.4.2011

Side | 21

RISIKOMATRISJE – arealbruk (LIV OG HELSE)						
SANNSYNLIG	N	S5	■	■	■	■
	Y	S4	■	■	■	■
	S	S3	■	■	■	■
	N	S2	■	■	■	■
	N	S1	■	■	■	■
SANNSYNLIG	A					
	S					
		K1	K2	K3	K4	K5
KONSEKVENS						

RISIKOMATRISJE – arealbruk (MILJØ)						
SANNSYNLIG	N	S5	■	■	■	■
	Y	S4	■	■	■	■
	S	S3	■	■	■	■
	N	S2	■	■	■	■
	N	S1	■	■	■	■
SANNSYNLIG	A					
	S					
		K1	K2	K3	K4	K5
KONSEKVENS						

RISIKOMATRISJE – arealbruk (ØKONOMI)						
SANNSYNLIG	N	S5	■	■	■	■
	Y	S4	■	■	■	■
	S	S3	■	■	■	■
	N	S2	■	■	■	■
	N	S1	■	■	■	■
SANNSYNLIG	A					
	S					
		K1	K2	K3	K4	K5
KONSEKVENS						

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Ingen personskadar
K2 – mindre alvorleg	Få og små personskadar
K3 – betydeleg	Få, men alvorlege personskadar
K4 – alvorleg	1 død, og/eller 10 alvorleg skadde, og/eller 250 evakuerte
K5 – svært alvorleg	Meir enn 1 død, og/eller meir enn 10 alvorleg skadde, og/eller meir enn 250 evakuerte

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Ingen miljøskadar eller ureining av omgjevnadene
K2 – mindre alvorleg	Mindre skadar på miljøet som vert utbetra etter kort tid
K3 – betydeleg	Middels alvorlege miljøskadar av stort omfang, eller; alvorlege miljøskadar av lite omfang
K4 – alvorleg	Store og alvorlege miljøskadar
K5 – svært alvorleg	Varig, alvorleg skade på miljøet

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Skadar for inntil kr 30 000
K2 – mindre alvorleg	Skadar mellom kr 30 000 – 300 000
K3 – betydeleg	Skadar mellom kr 300 000 – 3 000 000
K4 – alvorleg	Skadar mellom kr 3 000 000 – 30 000 000
K5 – svært alvorleg	Skadar for meir enn kr 30 000 000

VURDERING AV RISIKO OG SÅRBARHEIT:

Naturbasert sårbarheit					
Nr	Ønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Ekstremver www.met.no					
1	Sterk vind				Vind blir ikkje sett på som ein risiko for området. Sterk vind kan førekomme, men blir ikkje sett på som noko problem.
2	Store nedbørmengder				Store nedbørmengder vert risikovurdert i samband med reinseanlegg. Eksisterande nedbørsfelt for årsnedbør vert ikkje endra. Vert ikkje sett på som ein risiko for planområdet.
3	Store snømengder				Store snømengder er sjeldan eit problem i området.
4	Anna				
Flaumfare www.nve.no					
5	Flaum i elver / bekker				Vert risikovurdert i samband med reinseanlegg.
6	Flaum i vassdrag/ innsjøer				Ikkje aktuelt.
7	Overvasshandtering				Overvatn skal handterast lokalt ved hjelp av infiltrasjon og fordrøying.
8	Springflod / stormflod				Er tatt omsyn til i prosjektering av reinseanlegg.
9	Historisk flomnivå				Ikkje aktuelt.
10	Anna				
Skredfare www.skrednett.no					
11	Kvikkleireskred				Ingen kjent risiko.
12	Lausmasseskred				Det er utført geoteknisk vurdering av massetipp, tiltak er blitt gjort.
13	Is - og snøskred				Ingen kjent risiko.
14	Steinras, steinsprang				Ingen kjent risiko.
15	Historiske hendingar				Ingen kjent risiko.
16	Anna				
Byggegrunn www.ngu.no					
17	Setningar				Ikkje aktuelt
18	Utgildingar				Ikkje aktuelt
19	Radon				Ingen kjent risiko.
20	Anna				
Plante og dyreliv www.dirnat.no					
21	Planter				Ingen sårbare arter registrert i naturbase
22	Dyr				Ingen sårbare arter registrert i naturbase
23	Fuglar				Ingen sårbare arter registrert i naturbase
24	Anna				Ingen sårbare arter registrert i naturbase
Verksamdsbasert sårbarheit					
Brann/eksplosjon					
25	Brannfare	Sa2 x K2	Sa2 x K2	Sa2 x K2	På avfallsanlegget vert det blant anna lagra bilvrak, trevirke og hageavfall som har ein viss brannfare knytt til seg.
26	Eksplosjonsfare	Sa2 x K2	Sa2 x K2	Sa2 x K2	Det vert brent deponigass over fakkel. Denne gassen er godt sikra men det vil likevel alltid vere ein risiko knytt til gasshandtering.
27	Anna				
Energitransport					
28	Høgspenning	Sa2 x K3			Det går to høgspenningliner gjennom planområdet, ein 132 kV kraftleidning og ein 22kV høgspenningline.
29	Lågspenning				Ikkje aktuelt.
30	Gass				Ikkje aktuelt.
31	Anna				
Forureina vatn					
32	Drikkevasskjelde				Ingen kjent risiko.
33	Sjø, badevatn, fiskevatn, vassdrag og liknande.		Sa3 x K3		Det kan førekomme noko avrenning frå planområdet ned mot fjordarmen i nord.
34	Nedbørsfelt				Ingen kjent risiko.
35	Grunnvassnivå				Ingen kjent risiko.
36	Anna				
Forureina - grunn http://www.sft.no					
37	Kjemikalieutslepp		Sa3 x K3		Grunnen i planområdet er forureina grunna verksemda på avfallsanlegget der.
38	Anna				
Forureina - luft					
39	Støv/partiklar/røyk				Det er moglegheit for at det kan førekomme noko støv frå FV57 samt støv frå avfallsanlegget, men dette blir ikkje sett på som noko problem då planområdet hovudsakleg inneheld industri.
40	Støy				Planområdet er utsett for ein del støy frå FV57 samt noko støy frå avfallsanlegget, men dette blir ikkje sett på som noko problem då planområdet hovudsakleg inneheld industri.
41	Lukt				Ingen kjent risiko.
42	Anna				
Friluftsliv og tilgjengelegheit til sjø http://www.hordaland.no					
43	Fri ferdsel langs sjø				Ingen kjent risiko.
44	Friluftsliv				Ingen kjent risiko.
45	Anna				
Sårbarheit knytt til infrastruktur					
Trafikkfare http://www.vegvesen.no					
46	Trafikkulukker på veg	Sa2 x K2		Sa2 x K2	Det er registrert nokre ulukker på FV57 som går langs planområdet i aust, samt innanfor planområdet.
47	Anna				
Forureining					
48	Støv/partiklar				Sjå punkt 39.
49	Støy				Sjå punkt 40.
50	Lukt				Det har tidlegare førekomme noko lukt frå avfallsanlegget. Etter utfasing av organisk avfall til deponiet er lukt frå deponiet minimal. Avfallsanlegget har heller ingen naboar i nærleiken så lukt vil ikkje vere noko problem.
51	Utslepp/kjemikalier				Sjå punkt 37.
52	Anna				
Ulukker på nærliggande vegar/transportåre http://www.vegvesen.no					
53	Veg				Sjå punkt 46.
54	Sjø				Ingen kjent risiko.
55	Luft				Ingen kjent risiko.
56	Anna				

Risikomatriser - oppsummering

Raud	Medfører uakseptabel risiko. Her skal risikoreducerande tiltak gjennomførast, alternativt skal det utførast meir detaljerte ROS-analyser for å avkrefte risikonivået.
Gul	ALARP-sone, dvs. tiltak skal gjennomførast for å redusere risikoen så mykje som mogleg. (ALARP=As Low As Reasonable Practicable). Det vil vera naturleg å legge ei kost-nytteanalyse til grunn for vurderinga av ytterligere risikoreducerande tiltak.
Grøn	I utgangspunktet akseptabel risiko, men ytterligere risikoreducerande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut i frå økonomiske og praktiske vurderingar.

Side | 23

RISIKOMATRISJE - arealbruk (LIV OG HELSE)						
SANNSYNNLEG	S5					
	S4					
	S3					
	S2		25, 26,46	28		
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5
		KONSEKVENS				

RISIKOMATRISJE - arealbruk (MILJØ)						
SANNSYNNLEG	S5					
	S4					
	S3			33, 37		
	S2		25, 26			
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5
		KONSEKVENS				

RISIKOMATRISJE - arealbruk (ØKONOMI)						
SANNSYNNLEG	S5					
	S4					
	S3					
	S2		25, 26,46			
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5
		KONSEKVENS				

Oppsummering ROS-analyse:

Ut i frå ROS-analysen ser ein at det er knytt noko fare til høgspenlinene som går gjennom området. Høgspenlinene vil bli sikra med omsynssoner. Det er også knytt noko risiko til moglegheit for avrenning/forureining frå renovasjonsanlegget. Dette vert ivareteke ved realisering av reinseanlegg heilt nord i planområdet.

10 MERKNADAR

10.1 SAMLA MERKNADAR

Nr	Avsendar		Dato
	Offentlege instansar - statleg		
1.	Hordaland fylkeskommune	Brev	04.11.14
2.	Fylkesmannen i Hordaland	E-post	24.09.13
3.	Statens vegvesen	Brev	19.09.13
	Kommunale etatar		
4.	BKK	Brev	21.10.13
5.	Bergen sjøfartsmuseum	E-post	10.10.13 og 05.01.15
6.	Bergen og omland havnevesen	Brev	03.10.13
	Private		

Side | 24

1. Hordaland fylkeskommune i brev av 04.11.14:

Ber om at planarbeidet legg særleg vekt på akvakultur, areal- og transport, friluftsliv, landskap, kulturminne og samferdsel.

Planleggjar sitt svar:

Merknaden er tatt til etterretning.

2. Fylkesmannen i Hordaland i e-post av 24.09.13:

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og at det ikkje er strid med nasjonale føringar for arealpolitikken. Minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet. Vil elles gjere merksam på at ROS-analysen må nytte akseptkriteria som er i tråd med byggteknisk forskrift, TEK10.

Planleggjar sitt svar:

Merknaden er tatt til etterretning.

3. Statens vegvesen i brev av 19.09.13:

Statens vegvesen føreset at ny reguleringsplan ikkje fører til endringar av tilkomsten frå fylkesveg 57 til planområdet. Dersom endringa og utvidinga av reguleringa for NGIR sitt avfallsanlegg fører til vesentleg auke i biltrafikken til området må det gjennomførast ei trafikkvurdering for å vurdere trafikkavviklingskapasiteten i krysset. Ut over dette har dei ikkje vesentlege merknader til varselet om igangsetjing av nytt reguleringsplanarbeid.

Planleggjar sitt svar:

Merknaden er tatt til etterretning.

4. BKK i brev av 21.10.13:

Vil gjere merksam på at planområdet vert kryssa av 132 kV kraftleidning Seim-Mongstad. Nemnde 132 kV kraftleidning er bygga etter særskild anleggskonsesjon gitt av Norges Vassdrags- og Energidirektorat. Kraftleidningar og kabelanlegg bygga etter anleggskonsesjon er i hovudsak unntatt frå Plan- og bygningsloven, og for desse kan det derfor ikkje vedtakast planføresegner eller vilkår som del av reguleringsplan for andre tema. Byggeforbudsbeltet langs den aktuelle kraftlina er 30 m.

Innanfor planområdet er det også 22kV høgspenningslinje og ein nettstasjon. Leidningane har eit byggeforbudsbelte på 16 m. Dersom reguleringsplanen forutset omlegging av 22 kV høgspenningsanlegg må det setjast av plass til nye trasear for leidningar og/eller kablar og areal til nettstasjonar.

Planleggjar sitt svar:

Merknaden er tatt til etterretning.

5. Bergen sjøfartsmuseum i e-post av 10.10.13 og 05.01.15:

Museet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av reguleringa. Reguleringsområdet ligg derimot i eit prioritert område for marine kulturminne med fleire positive indikatorar i området. Potensialet for verna eller automatisk freda kulturminne på sjøbotn vert difor vurdert å vere tilstades. Bergen sjøfartsmuseum kjem til å krevje undersøkingar av om det kan være skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i reguleringsområdet når planen kjem på offentleg ettersyn. Etter kulturminnelova har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Ber tiltakshavar ta kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum vedrørande gjennomføring av feltundersøkingane.

I e-post send 05.01.15 trekk dei kravet om gjennomføring av undersøkingar grunna at det ikkje kjenner til kulturminne ved reguleringsområdet som kan bli direkte råka av reguleringa. Etter eit nærare syn på saka har dei difor vurdert det som lite sannsynleg med maritime kulturminne i området.

Planleggjar sitt svar:

Merknaden er tatt til etterretning.

6. Bergen og omland havnevesen i brev av 03.10.13:

Plankartet visar ikkje konkrete tiltak og dei ber difor om å få tilsendt teikningar når desse er ferdig utarbeida. På dette stadiet i planarbeidet kan dei ikkje sjå at planane vil kome i konflikt med dei interessene som dei er sett til å ivareta.

Minner om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø, samt andre tiltak som kan påverke tryggleiken eller framkomsten i sjøområde krev tillating frå BOH.

Planleggjar sitt svar:

Merknaden er tatt til etterretning.

11 FORSLAGSSTILLAR SIN AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Planforslaget har blitt utarbeida slik at ein har fått utvida området i forhold til gjeldane plan for å få lagt inn naudsynt areal for reinseanlegg, gjere om på strukturar innanfor planområdet og få meir fyllplass.

Kjevikdalen fyllplass, utviding

Detaljregulering:
gnr./bnr. 176/25, 177/36 m.fl.
Lindås kommune

Tiltakshavar:
NGIR

Konsulent:
Ard arealplan as
Nygårdsgaten 114
5008 Bergen
+47 55 31 95 00
www.ardarealplan.no

Prosjektleder:
Geir Håland

Utarbeidd av:
Sandra Aleksejeva,
Hedvig Godvik Olsen

Layout:
Jørgen Håland